

126 millimeter på fem døgn

24.09.2007



Det er ingen offisiell måletasjon i Uskedalen.

Synes du at det har regna mykje i det siste, som ein skikkeleg introduksjon til ekstremværveka som vi nå er inne i ?. Svaret er JA, sjølv om nedbørsmengdene ikkje har vore ekstreme. Men det kom i hvert 126 millimeter på fem døgn – i Indre Matre, opplyser driftssentralen til SKL til uskedalen.no.

I Uskedalen har vi ingen offisiell måletasjon, men vi ligg ikkje langt unna Indre Matre og SKLs målinger der er de vi må satsa på som nokonlunde representative også for bygda vår.

Det starta onsdag med 15,9 millimeter. Torsdag regna det 30 millimeter og det gjorde det også fredag. Laurdag kom det "berre" 18 millimeter i måleglaset til Kraftlaget, men søndag viste målinga 32 millimeter. Og det heldt fram utover dagen mandag.....

Indre Matre er ein landskjent stad med omsyn til nedbør. Det er staden der det 26. november 1940 vart sett Noregsrekord med 229,6 millimeter på eit døgn. Nærast på statistikken kjem Opstveit (også det i Kvinnherad) der det vart notert 223 millimeter 15. november 2005.

Av Ola Matti Mathisen